

Forskrift om vernskog opp mot fjellet i Telemark fylke

Dato	FOR-2025-xx-xx-xxx
Publisert	x 20xx hefte x
Ikrafttredelse	xx.xx.20xx
Gjelder for	Telemark
Hjemmel	LOV-2005-05-27-31-§12
Kunngjort	xx.xx.20xx kl. xx.xx
Korttittel	Forskrift om vernskog Telemark

Heimel: Fastsett av Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark xx. mnd. 20xx med heimel i lov 27. mai 2005 nr. 31 om skogbruk (skogbrukslova) § 12.

§ 1. Formål

Formålet med forskrifta er å fastlegge skog som tener som vern for sjølv ikkje å bli øydelagd og vern for annan skog. Forskrifta skal sikre god forvaltning, forynging og produksjon i sårbare skogområde opp mot fjellet.

§ 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld opp mot fjellet i Skien, Notodden, Drangedal, Nome, Midt-Telemark, Seljord, Hjartdal, Tinn, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje kommunar i Telemark fylke.

Detaljert avgrensing av vernskog finnast i kartlag i [open kartløysing hos Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark](#).

§ 3. Definisjonar

I denne forskrifta forståast med:

- Lukka hogstformer:** Det skal stå igjen minimum 16 tre per dekar etter hogst, eller hogstflatene må vere mindre enn 2 dekar. Dei gjenståande trea vil ha ulik høgd og alder.
- Selektiv hogst (gjennomhogst):** Ei lukka hogstform der ein tar ut berre einskilde tre eller små klynger av tre i eit skogbestand. Ein haustar då dei einskilde trea etter kvart, samstundes som ein fristiller yngre tre som kjem opp og sikrar framtidig forynging.
- Gruppehogst (småflatehogst):** Ei lukka hogstform kor det hoggast grupper av tre på opptil 2 dekar. I flatene skal det etablerast ny skog, ved førehandsgjenvækst, tilstrekkeleg naturlig forynging, supplering eller planting.
- Skjermtrestillingshogst:** Ei lukka hogstform der det etter hogst skal stå igjen 16-40 tre per dekar.

- e) *Fjellskoghogst*: Kombinasjonar av selektiv hogst, gruppehogst og skjermtrestillingshogst kor det primære er å kunne drive eit skogbruk i hovudsak basert på naturleg forynging og samstundes bevare skogklimaet.
- f) *Opne hogstformer*: Det står att færre enn 15 tre per dekar etter hogst og det etablerast større opne flater.
- g) *Flatehogst*: Ein open hogst kor alle tre som kan nyttas takast ut, unntatt livsløpstre og daude tre.
- h) *Småflatehogst*: Flatehogst mellom 2 og 5 daa. I flatene skal det etablerast ny skog ved førehandsgjenvekst, tilstrekkeleg naturleg forynging, supplering eller planting.
- i) *Produktiv skog*: Skog med produksjonsevne over 0,1 m³ /daa/år.
- j) *Skoggrense*: Øvre grense for skog kor omfang av trekronene til saman dekker 10 % av arealet, og der trea er, eller kan bli på 5 meter.

§ 4. Meldeplikt for hogst i vernskog

Skogeigar har plikt til å gi melding om hogst i vernskog til kommunen minst ein månad før hogsten er planlagt satt i gang. Melding om hogst skal sendast på skjema fastsett av Statsforvaltaren, med kartfesting av tiltaket.

Kommunen kan sette vilkår for hogsten, eller nekte hogst heilt eller delvis, dersom det er naudsynt av omsynet til vernskogen sin funksjon.

Har kommunen ikkje gitt svar på meldinga innan 4 veker frå meldinga kom fram til kommunen, eller fatte vedtak, kan det meldte tiltaket gjennomførast i samsvar med forskrifta. Dersom kommunen treng meir tid til å vurdere ei hogstmelding, skal skogeigaren varslast om ny frist.

Unntak frå meldeplikta gjeld:

- a) uttak av tre med samla volum på inntil 8 m³ tømmer og samla areal på inntil 1 dekar per år.
- b) naudsynt hogst av einskilde tre for tilkomst og vedlikehald av vegar og tre som er til fare for bygningar.
- c) dersom hogsten er meldt som fylgje av anna meldeplikt i skogbrukslova.

Når unntak frå meldeplikta vert nytta, er det ein føresetnad at hogsten følgjer dei forvaltingsreglane som er sett for den sona tiltaket vert gjennomført i.

Hogsten må gjennomførast innan tre år etter den er godkjend. Om fristen for oppstart oversittast, fell godkjenninga bort. Kommunen kan i særlege høve forlenge tidsfristen.

§ 5. Forvaltningsreglar for hogst i vernskog mot fjellet

I vernskogen mot fjellet skal det takast omsyn til dei klimatiske tilhøva i fjellskogen og det karakteristiske ved denne skogtypen. All hogst skal utførast slik at vernskogen sin funksjon takast vare på over tid.

Før ein hogst settast i gang, må det takast stilling til korleis forynginga skal sikrast.

For skjøtsel og drift i vernskogen mot fjellet, vert denne skogen delt i soner med tilhøyrande retningslinjer for skogbruksaktiviteten:

a) *Sone 1: Øvre del av vernskogområdet (strengje restriksjonar).*

Sona strekk seg frå øvre grense for produktiv skog, opp til skoggrensa. Ein viktig funksjon er å beskytte skogen i sonen sjølv og nedanforliggende skog mot å bli øydelagd eller forringa.

Lukka hogstformer, som selektiv hogst, gruppehogst, skjermtrestillingshogst eller fjellskoghogst, der ny forynging er sikra, er føretrekte hogstmetodar. Småflatehogst på inntil 5 dekar kan tillatast i sonen.

b) *Sone 2: Nedre del av vernskogområdet (lette restriksjonar).*

Sona strekk seg frå fastsett nedre grense for vernskog opp til den øvre grensa for produktiv skog. Ein viktig funksjon er å verne om den nedanforliggende skogen.

Opne hogstformer kan nyttast i denne sona. Ved flatehogst skal det leggjast vekt på dei lokale vekst- og klimatilhøva. Flatestorleiken bør grensast av til å vere opptil 30 dekar.

Vurdering av samla flatestørrelse ved hogst, må gjerast uavhengig av eigedomsgrenser. Eit areal reknast som hogstflate heilt til tilstrekkeleg forynging er sikra.

§ 6. Dispensasjon

Kommunen kan i særlege tilfelle dispensere frå reglane i § 5 i denne forskrifta.

§ 7. Kontroll

Kommunen skal føre kontroll med godkjende tiltak og pålegg i vernskogen.

§ 8. Klage

Vedtak fatta av kommunen etter denne forskrifta kan klagast på til Statsforvaltaren. Vedtak fatta av Statsforvaltaren i første instans, kan klagast på til Landbruksdirektoratet.

§ 9. Straff

Den som forsettleg eller uaktsamt bryt reglane i forskrifta §§ 4 og 5 eller vedtak i medhald av desse reglane, kan straffast med bøter eller fengsel i inntil eitt år.

Straff kan berre nyttast når brotet er vesentleg.

§ 10. Tvangsmulkt

For å sikre at føresetnadene i forskrifta og vedtak fatta med heimel i forskrifta blir gjennomført, kan kommunen pålegge skogeigaren tvangsmulkt jf. skogbrukslova § 23.

§ 11. Iverksettjing

Forskrifta trer i kraft xx.xx.202x. Forskrift 22.06.2016 nr. 748 Forskrift om vernskog, Telemark opphevast frå same dato.